


Musikkspellet

«SYNNØVE OG KONGEBREVET»

HISTORISK BRAGD I NORDFJORDEID 1681



Målfrid midt i biletet, fødd 1919, har skrive boka «Synnøve og kongebrevet». Eg har tatt opp stafettpinna etter henne med mitt prosjekt. Her står ho 2-3 år gamal ved Otte-steinen i Leivdalen saman med syskena Leif, fødd 1917 og Bergljot fødd 1915.

Boka kom ut i 2001-2002 med betydeleg støtte frå kyrkjeverjen i Gloppen, Oddvar Almenning. Han var avgjerande for at boka kom ut. Og rett så gjeldt illustrert!.

KLENODIUM & MÅLFRIDS MÅL



Målfrid saman med Åse Heggen Åsebøstøl og Lars Åsebøstøl viser fram ferdaskrinet som Synnøve nyttja i 1681. Sentralt står også Ottesteinen, ein monsterstein som Otte skal ha lyfta ut av åkeren. Norsk historie har andre døme på slike prestasjonar, til dømes i Seljord der steinen er plassert på stas... Det bør i alle fall slåast fast at Otte var ein kraftkar heilt utanom det vanlege.